



Arkivsaknr: 2024/10774-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Alver Bakeri og Catering AS - Alver Bakeri og Catering AS

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Alver Bakeri og Catering AS vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Alver Bakeri og Catering AS er eit aksjeselskap. Bransje: 10.710 Produksjon av brød og ferske konditorvarer. Registrert 06.09.2024. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Alver Bakeri & Catering er eit heilt nystarta bakeri som produserer og sel ferske bakarvarer, kaker, lunsj/møtemat, middag, kaldtbord og tapas. Verksemda vart registrert i september 2024, har ein tilsett på heiltid og er lokalisert i Alvermarka.

Om prosjektet

Innehavar flytta til Knarvik våren 2024 og har lenge hatt eit ønskje om å starte eigen verksemd innan bakeri og catering. Etter å ha hatt kontakt med Industriutvikling Vest og sjekka marknaden i Nordhordland, fann ein ut at det var behov for og grunnlag for å starte opp med bakeri og tilby slike tenester i området.

Før oppstart var verksemda i kontakt med mattilsynet for å få informasjon om kva krav som må oppfyllest for å kunne drive med produksjon av mat for sal på eit heimekjøkken. Det er strenge krav når ein produserer mat på eit heimekjøkken og ikkje på eit godtkjent industrikjøkken. Innehavar er utdanna kokk og har arbeida mange år innan bransjen. Med

denne bakgrunnen har ho god oversikt og kontroll med tanke på rutinar rundt hygiene og behandling av mat etc, noko som er svært viktig i denne samanheng.

Prosjektleveranse / målsetting

Verksemda har ein intensjon om å tilby heimelaga mat til privat personar og bedrifter i Alver kommune. Verksemda har vore i drift eit par månader og opplever svært stor etterspurnad etter varene dei leverer. Verksemda har blitt tatt svært godt i mot i marknaden og leverer bakverk, kaker og catering til private kundar, men har og svært stor etterspurnad frå bedriftsmarknaden og leverer både lunsj og møtemat til bedrifter i heile kommunen.

Foreløpig har verksemda investert i utstyr som gjer det mogeleg å bake og produsere mat på heimekjøkken på godkjent måte, men på sikt har verksemda vidare planar om å utvide med kafédrift i tillegg til bakeri, og er på utkikk etter eit egna lokale å etablere seg i.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Alver Bakeri og Catering AS	130 206	60 000	40 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Alver Bakeri og Catering har i forbindelse med oppstart av verksemda gjort store investeringar i nytt utstyr for å kunne produsere mat og bakverk på eit heimekjøkken og verksemda søker i hovudsak om støtte til investeringa i dette utstyret som er nødvendig og som tilfredsstiller krava frå Mattilsynet for å vere godkjent matprodusent. Denne investeringa er nødvendig for å kunne starte opp med eigen aktivitet og verksemd som bakeri. For å skape utvikling i vidare ønskjer verksemda å etablere seg i egna lokale og starte kafédrift i tillegg, men dette vil komme på eit seinare tidspunkt.

Vurdering

Alver kommune ser positivt på den satsinga Alver Bakeri og Catering gjennomfører for å etablere verksemd og skape nye arbeidsplassar i kommunen. Verksemda har på kort tid klart å etablere seg godt i marknaden og etterspurnaden etter varene og tenestene er så etterspurde at innehavar har måtte satse for fullt for å klare å produsere nok i forhold til etterspurnaden. Dette gir stort potensiale for god utvikling vidare av verksemda.

Etter ei samla vurdering er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til arbeidsplassutvikling i Alver kommune

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Alver Bakeri og Catering AS vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Søknad-2024-0038.pdf
- 2 Faktura 104171.pdf
- 3 Faktura 104172.pdf
- 4 Faktura 9081180539 fra Norengros.PDF
- 5 Faktura 9081182241 fra Norengros.PDF
- 6 Faktura 9081185028 fra Norengros.PDF
- 7 Faktura 9081185030 fra Norengros.PDF
- 8 Takk! - GGM Gastro Nordic - Utsjekking.html
- 9 Faktura A270052309 Kdnr 20027145.PDF
- 10 Vedlegg søknad